



## Bryne kunstforening

### **KUNSTNARLEG PROFIL OG HANDLINGSPLAN FOR BRYNE KUNSTFORENING 2024-25**

#### **Del 1 - Kunstnarleg profil og utstillingsprogram**

Bryne kunstforening (BKF) har til føremål å fremja interesse for visuell kunst gjennom utstillingar, ulike arrangement og prosjekt. BKF skal vera ein aktiv og kvalitetsorientert formidlar av kunst og søka samarbeid med aktørar som arbeider med andre kunstnarlege uttrykk som litteratur og musikk. BKF skal ha eit kunstnarleg råd med kunstfagleg kompetanse som skal bidra til høg kvalitet i utstillingsprogrammet.

BKF skal arbeida målretta for å vidareutvikla særpreget i den kunstnarlege profilen slik at den er aktuell og relevant for Jæren.

BKF skal ha eit godt auga til lokale og regionale kunstnarar, men skal også vera opne for Noreg og verda. Utstillingsprofilen skal spegla mangfald i kunstnarsskap, kunstnarleg uttrykk, representativitet og teknikkar. BKF ønsker å formidla unge kunstnarar og nye uttrykksformer, kunst som fangar nye trendar, er samfunnsaktuell og skaper debatt. BKF skal ha ein kunstnarleg profil og eit aktivitetstilbod som tiltrekker seg barn og unge.

Kunstforeninga skal primært stilla ut arbeid av profesjonelle kunstnarar som møter eit eller fleire av følgende kriterier:

- Kunstfagleg utdanning på bachelor-nivå eller høgare
- Delteke i anerkjende jurierte utstillingar
- Medlem av kunstnarorganisasjonar som har kunstfaglige opptakskriterier.

Deler av utstillingsprogrammet skal fastleggast i god tid slik at kunstnarane skal kunna laga nye verk og forma utstillingar som står godt til kvalitetane i galleriet i Mølla eller andre visningsstader BKF ønsker å ta i bruk. Det er ein del av BKF sin profil at kunstnarane skal ha stort spelerom når det gjeld innhald og utforming av utstillingane. BKF vil strekka seg langt for å oppnå gode resultat, og går gjerne utafor konvensjonelle rammer for kunstformidling.

Kunstnarisk kvalitet er overordna, men BKF skal også tenkja økonomi når det gjeld totaliteten av utstillingsprogrammet. Foreninga skal arbeida aktivt for å søka lokal, regional og nasjonal støtte til utstillingar og andre prosjekt.

BKF skal vera medlem i Norske kunstforeningar og Rogaland fylkeskunstlag.

#### Utstillings- og arrangementsprogram 2024-25

Følgjande utstillingsprogram er vedteke av styret. Utstillingsprogrammet er i hovudsak basert på forslag frå kunstnarleg råd.

6.4 - 28.4.2024 Einar Sira - Fotografi

<https://sira.no/>

11.5 - 2.6.2024 Katrin Rusten og Anniken Jøsok Hessen, Vev og tekstiler med objekter

<https://www.instagram.com/katrinrusten/>

<http://www.annikenjosokhessen.com/>

7.9 - 29.9.2024 Mari Kolbeinson – Installasjon, mixed media

<http://www.marikolbeinson.com/>

12.10 - 27.10.2024 -Sofia Eliasson, Installasjon

<https://www.sofiaeliasson.com/>

1 – 3.11.2024 – *Love works* - Anna Ihle – Performance. I samarbeid med Studio K

<https://annaihle.com/>

16.11 - 8.12.2024 Patrik Entian, Alexi Wildhagen og Jens Hamran, Maleri frå opphald på Jæren i 2023 og 2024.

<https://ogco.no/>

Januar 2025 Garborgutstillar 2025?

Mars 2025 - Matt Bryans, mixed media

<https://www.katemacgarry.com/artists/34-matt-bryans/>

Mai 2025 Per Dybvig – teikning +

<http://www.galleriopardahl.no/artist/per-dybvig>

Haut 2025 Roald Sivertsen – maleri

<https://roaldsivertsen.com/>

Styret vil arbeida for å få til andre arrangement enn dei som er lista her.

## **Del 2 Handlingsplan - prioriterte oppgåver 2024-25**

- BKF 2030. Arbeida systematisk og trinnvis med utvikling av organisasjonsform og kunstnarleg profil. Legga grunnlaget for at BKF på sikt kan få finansiert deltidsstilling som dagleg leiar.
- Fastsetta og utstillings- og arrangementsprogram og gjennomføra det saman med ressursgruppa. Vekt på langsiktig planlegging.
- Drifta kunstnarleg råd, sikra godt underlag for prosessen med val av kunstnarar og utstillingstema. Vurdera temabasert *open call* og vidareføra erfaringane med *open call* våren 2023.
- Arbeida for ei breiare satsing for barn og unge. Dette er dels eit langsiktig rekrutteringstiltak, men også ei satsing som kan bidra til å styrka økonomien gjennom eksterne prosjektmidlar.

- Tilby kurs i kunsthistorie for medlemmar og tillitsvalde.
- Innarbeida betre rutinar for jamleg og systematisk kontakt med lokale kunstnarar for å diskutera mogleg samarbeid på kort og lang sikt.
- Styrka kommunikasjon og marknadsføring på digitale plattformer.
- Arbeida for ei meir aktiv forvaltning av samlinga. Retningsliner vedtekne av årsmøtet 2021 skal ligga til grunn for dette arbeidet
- Arbeida for Bryne visuelle profil blant anna gjennom involvering i reguleringssaka knytt til M44-kvartalet.
- Vurdera markering av BKF-70-årsjubileum i 2025

*Kunstnarleg profil og handlingsplan vart vedtekne av årsmøtet 2.4.2024*